



Forfatter, Anne Karin Fonneland, med romanen Apalgard

**Det var på alle måtar ei vellukka boklansering på biblioteket i dag, skipa til av Kvinnherad mållag i samarbeid med biblioteket.  
Anne Karin Fonneland står fram med sin fyrste roman, Apalgard.**



Romanen er ein fiksjon, men vi merkar glimtvis hendingar og stadnamn frå Skorpo, Bakgrunnen er at mor til Anne Karin er fødd og oppvaksen på Skorpo. Ho kjem frå tunet oppe i Skorpo. Forfattern og Johannes Hauge er syskenbarn. Anne Karin var ofte på Skorpo i ung alder og ho har mange minne frå feieopphald og turar til slekta si der. Har du høyrte om Skomakarsteinen ? Ikkje det. No kan du i boka til Fonneland lesa om mora som lita jente gjekk og gret under Skomakarsteinen.

I romanen Apalgard møter vi to brør på ein fruktgard ved Hardangerfjorden tidleg på 1960 talet. Hovudpersonen, Simon Hatlevik, studerer og vert psykolog. Eit samlivsbrot fører til flukt og trong for refleksjon og det å gjera seg fri. Broren vert ramma av polio. Apalgard er ein djuptenkt roman, om relasjonar, arv og miljø, kjønnsroller og klimautfordringar.



Eit godt frammøte i biblioteket med meir enn 50 litteraturinteresserte gjester. Det nye Kvinnherad mållag var tilskipar.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Kvinnherad mållag/ Lars Børge Sæberg

Nett: Thor Inge Døssland